



DET KONGELIGE  
ARBEIDS- OG SOSIALDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets president  
Ekspedisjonskontoret  
Stortinget  
0026 Oslo

Deres ref

Vår ref

Dato

18/794-33

02. juli 2018

**Skriftleg svar på spørsmål nr. 1073/2018 frå Kjersti Toppe - Vil statsråden ta initiativ til ein klar strategi i NAV for auka bruk av Inn på tunet gardsbruk som arbeidstreningstiltak? Ettersending av informasjon.**

Eg viser til svaret mitt frå 8. mars d.å. på følgjande spørsmål frå stortingsrepresentant Kjersti Toppe :

"Vil statsråden ta initiativ til å ein klar strategi i NAV for auka bruk av Inn på tunet som arbeidstreningstiltak, der det i mykje større grad blir praksis at Inn på tunet-tilbydarar kan inngå direkte og langsiktige avtalar med det lokale NAV-kontoret for å yte arbeidstreningstiltak for personar som fell utanfor utdanning- og arbeidsliv, og kan statsråden gje ei oversikt over kor mange avtalar NAV i dag har med Inn- på tunet gardar fordelt på fylke, og utviklinga siste åra?"

I svaret mitt viste eg til at Arbeids- og velferdsdirektoratet jobba med å få ei fullstendig oversikt over talet på avtalar for heile landet. Vedlagt følgjer ei oversikt over NAVs tilbod om Grønt arbeid, fordelt på fylke og utviklinga dei siste åra.

Oppdaterte tal viser at omfanget av avtalar om Grønt arbeid var 27 i 2013 og 2015, mens omfanget i 2018 er 17. Av dei 17 gardsbruka som har avtalar om Grønt arbeid i 2018, er det 12 som er knyta til godkjenningsordninga for Inn på tunet. Eg viser til vedlegg for oversikt med fordelinga på fylke.

Som nemnt i brev av 8. mars er det NAV som er ansvarleg for oppretting og oppfølging av

Grønt arbeid tiltaka. Det ligg innanfor det lokale handlingsrommet til NAV å fastsetje omfanget av ulike arbeidsretta tilbod, der behovet kan variere over tid.

Med hilsen

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Anniken Hauglie', with a stylized, cursive script.

Anniken Hauglie

Vedlegg: 1

Oversikt over talet på gardsbruk med avtale om Grønt arbeid fordelt på fylke

	2013	2015	2018
Fylke	Talet på gardar/ avtalar 2013	Talet på gardar/ avtalar 2015	Talet på gardar/ avtalar 2018
Akershus	5	5	4
Aust- Agder	0	0	0
Buskerud	2	2	1
Finnmark	0		0
Hedmark	2	2	0
Hordaland	2	3	5
Møre- og Romsdal	0	0	0
Nordland	2	1	0
Oppland	1	1	0
Oslo	1	1	0
Rogaland	1	1	0
Sogn- og Fjordane	0	0	0
Telemark	0	0	0
Troms	4	4	2
Trøndelag	1	1	0
Vest- Agder	0	0	0
Vestfold	2	2	2
Østfold	4	4	3
Total	27	27	17